# Produksjonstilskot

Kompetansesamling for kommunane og organisasjonane

USN, Bø 28. september 2021

Ingrid Knotten Haugberg og Mona Olsrød, landbruksavdelinga

# 1. Tema: Kontrollplan og risikobasert kontroll


© Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

# Risikobasert kontroll – krav i regelverk

- Kommunane skal kontrollere minst 10 % av søknadene
  - Eitt føretak vil telle som kontrollert ein gong, uavhengig av om det er kontrollert berre del 1, berre del 2 eller begge delane
- Kontrollane skal vere risikobaserte
  - Omfanget skal stå i forhold til nytta og kostnaden
  - Risiko = sannsyn x konsekvens
- Alle delar av kontrollen skal dokumenterast skriftleg
  - Kontrollplan
  - Utplukk
  - Gjennomføring av kontroll (varsel, kommunikasjon, dokumentasjon, kontrollskjema)
  - Kommunen sine funn og verknaden for vedtaket (avvik, avslag, avkorting, grunngjeving)

# Kontrollplan – krav i regelverk

SFVT har laga mal for risikobasert kontrollplan som kommunane kan bruke. Malen og døme på utfylt plan ligg på nettsida vår.

- Risikobasert
- Styrande for utplukk til kontroll
- Skriftleg
- Utarbeidast før sakshandsaminga startar
  - men må legge opp til at nokre føretak vert plukka ut etter funn gjort i handsaminga
- Planen skal innehalde:
  - A. Vurdering av generell risiko i eigen kommune ved ulike delar av tilskotsordninga
  - B. Omtale av konkrete risikoindikatorar ved søknadar i eigen kommune
  - C. Risiko ved konkrete føretak (etter tidlegare feil, tips eller observasjonar)
- Kontrollplanen skal nyttast til å plukke ut konkrete føretak til kontroll, og kommunen skal skildre kvifor det einskilde føretak er plukka ut til kontroll
  - SF tilrår at utplukket vert dokumentert i kontrollplanen for det einskilde år eller vedlegg til denne

# Risikovurderingar – spørsmål å stille seg

- Er det einskilde produksjonar eller ordningar der kommunen veit at det ofte er feil?
  - Produksjonar/ordningar: Husdyr, Areal, Omsette varar, Gjødslingplanar, Plantevernmiddeljournalar, Avløysarutgifter
- Er det einskilde produksjonar eller ordningar der det er uvisse om vilkåra for tilskot i eigen kommune?
- Kva for produksjonar er store i kommunen?
- Er kommunen bevisst at grunnvilkåra for tilskotet oppfylte for føretaka i kommunen?

# Risikoindikatorar ved einskilde søknadar

- Svært låge leveransar (vurdere vilkår om vanleg jordbruksproduksjon)
- Mange ulike produksjonar
- Kombinasjon av økologisk og konvensjonell drift
- Stor auke i dyretal
- Indikasjonar på driftsfellesskap
- Nye føretak
- Ikkje kontrollert tidlegare/lenge sidan førre kontroll

PS: Dette er døme på indikasjonar på risiko. Kommunen sin lokalkunnskap avgjer om eit føretak skal kontrollerast på bakgrunn av indikasjonen.

# Hjelpemiddel til risikovurderingar og utplukk (1)

- Rapport «Eksport søknadsdata»




- Brukast til dømes for å finne føretak med stor avgrensing i grovfôrareal og føretak med høge verdiar
- Demo i [eStil PT testversjon]

# Hjelpemiddel til risikovurderingar og utplukk (2)

- Rapportane om vanleg jordbruksproduksjon (tema seinare i dag)
- Avansert søk – kan brukast til:
  - Finne føretak som har søkt om produksjonar kommunen meiner har stor risiko
  - Finne føretak som har kjøpt avløysartenester frå andre føretak
  - Demo i eStil PT testversjon

# Hjelpemiddel til risikovurderingar og utplukk (3)

- Alle som handsamar søknader om produksjonstilskot bør setje seg inn i rapportane og søkemoglegheitene i eStil PT og lære seg enkel bruk av Excel:
  - Filtrere data
  - Sortere data
  - Skjule/slette kolonnar

# Registrering av kontrollutplukk i eStil PT

- Utplukk til kontroll skal registrerast i eStil PT ved å hake av for risikobasert kontroll

## Søkeresultat

Søket ga 4 treff

Avhuking for riskobasert kontroll

| ☐ | Organisasjonsnr | Kommune | Fylke | Foretakets navn | Navn på innehaver | Driftssenter | Status | Saksbehandler | Sist endret | Soeknadsomgang | Risikobasert kontroll | Feil/varsler |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| ☐ | 881629542 | 3819 | 38 | RUTH GUNLAUG HAUG | RUTH GUNLAUG HAUG | 3819-8/1 | Under behandling | p tvestfold | 23.09.21 15:59 | Søknadsår 2021 | Nei | Ja |
| ☐ | 969250055 | 3808 | 38 | JAMTVEIT HALLGEIR | HALLGEIR JAMTVEIT | 3808-11/1 | Under behandling | p tvestfold | 26.09.21 12:46 | Søknadsår 2021 | Nei | Ja |
| ☑ | 969621339 | 3808 | 38 | KLAS SINGUSDAL VÅLE | KLAS VÅLE | 3808-105/1 | Under behandling | p tvestfold | 26.09.21 12:49 | Søknadsår 2021 | Ja, trukket ut | Ja |
| ☐ | 982568[illegible]19 | 3808 | 38 | GEIR LANDSVERK | GEIR OLAV SKRAASTAD LANDSVERK | 3808-89/1 | Under behandling | p tvestfold | 22.09.21 12:03 | Søknadsår 2021 | Nei | Ja |

Plukk ut til kontroll

# Registrering av kontrollopplysningar i eStil PT (1)

- Når kontrollen er gjennomført, skriv inn dato for kontrollen…






# Registrering av kontrollopplysningar i eStil PT (2)

- …og før inn alle kontrollerte verdiar,
- både i kolonnar…

**Storfe**

| Kode | Beskrivelse | Antall dyr | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | 01.03.2019 | 01.03.2020 | | | 01.10.2019 | 01.10.2020 | | |
| | | | Søkers opplysninger | Risikobasert kontroll | Godkjente opplysninger | | Søkers opplysninger | Risikobasert kontroll | Godkjente opplysninger |
| 120 | Melkekyr - se definisjon: | | | | | | | | |
| 121 | Ammekyr - se definisjon: | 12 | 13 | | 13 | 13 | 15 | | 15 |
| 118 | *- herav kyr av minst 50 % kjøttferase - se definisjon* | 12 | 13 | | 13 | 13 | 15 | | 15 |
| 119 | Øvrig storfe - se definisjon: | 11 | 12 | | 12 | 15 | 19 | | 19 |

Søk i Husdyrregisteret for dette foretaket

# Registrering av kontrollopplysningar i eStil PT (3)

- …og i avhakingsruter,




- Om kontrollverdiane ikkje førast inn i skjemaet, vil ikkje søknaden visast i rapporten «Rapport over kontrollerte foretak»!

# 2. Tema: Vanleg jordbruksproduksjon



© Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

# Regelverk om vanleg jordbruksproduksjon

- Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 2 første ledd:

  «Tilskudd etter forskriften kan gis til foretak som er registrert i Enhetsregisteret og som driver vanlig jordbruksproduksjon på én eller flere landbrukseiendommer med de dyreslag eller de vekstgruppene det søkes tilskudd for, slik disse gruppene til enhver tid er definert i medhold av jordbruksavtalen.»
- Grunnvilkår for å mottake tilskot
- Søknadsåret skal sjåast under eitt
- Vurderast ut frå eit «jordbruksfagleg skjøn». «Kvar einskild produksjon skal haldast opp mot ein god agronomisk praksis og godt husdyrhald.»
- Produksjonen skal ha «næringsmessig preg»
- Leveransane må stå i samsvar med talet på dyr og storleiken på areala
- Det må tas høgde for ulike driftsformer og normale variasjonar i drifta

# Rapportane om vanleg jordbruksproduksjon

- I eStil PT:




- Fire rapportar:

Rapport om vanlig jordbruksproduksjon av frukt, bær og potet
Rapport om vanlig jordbruksproduksjon på korn
Rapport om vanlig jordbruksproduksjon på melkeku og melkegeit
Rapport om vanlig jordbruksproduksjon på sau

# Rapportane om vanleg jordbruksproduksjon

- I eStil PT:




- Fire rapportar:

Rapport om vanlig jordbruksproduksjon av frukt, bær og potet
Rapport om vanlig jordbruksproduksjon på korn
Rapport om vanlig jordbruksproduksjon på melkeku og melkegeit
Rapport om vanlig jordbruksproduksjon på sau

- Demo i rapportar frå testsystemet (Excel)
  - Rapport om vanleg jordbruksproduksjon av frukt og bær
  - Rapport om vanleg jordbruksproduksjon på sau
- Terskelverdiar i dokument om maskinelle kontrollar på Landbruksdirektoratet si nettside

# Oppfølging av føretak med låg produksjon

- Oppfølging av vanleg jordbruksproduksjon
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark sitt støttedokument
  - Ligg på Statsforvaltaren si side for kommunal landbruksforvalting i høgre marg under PT-dokument/malar: «Vanleg jordbruksproduksjon – støtte for oppfølging»
  - Inneheld punktliste for oppfølging
  - Vert oppdatert innan kort tid
- Krav om vanleg jordbruksproduksjon gjeld alle produksjonar (dyr og areal)
- Ta ut rapportar i eStil PT
  - Kan velje ein eller fleire kommunar og/eller fylke
- Rapport på jordbruksproduksjon:
  - Sau
  - Mjølkeku og –geit
  - Korn
  - Frukt, bær og potet
  - Alle produsentane er med i rapporten, kommunen må sortere

© Fylkesmannen i Vestfold og Telemark

# Låg avdrått husdyr

**Skjønsmessig vurdering**

Leveranse i samsvar med tal på dyr?

- Sjukdom?
- Dårleg fôring og stell?
- Anna driftsform?
- Kulturlandskapsarbeiderar?
- Vidareforedling?
- Rase?
- Økologisk?

**Mjølkekyr**

- «Alle eller ingen»
- Lav produksjon: øvrige storfe
- Lokalforedling – meirinntekt

**Ammekyr/øvrige storfe**

- Slakteleveransar
- Livdyrsal

**Dyret vekslar mellom mjølkeku/ammeku**

- Normalt ikkje vanleg
- Høg nok produksjon

© Fylkesmannen i Vestfold og Telemark

# Låg avdrått husdyr II

## Sau

- Produkt:
    - Slakt
    - Livdyr
    - Sal av ull og skinnfell
- Alle søyer bør verte para
- Ikkje paring av årslam?
    - Sjå på vaksne søyer
- Tal på vêrar?

- Dårleg fôring og stell?
- Rase?
- Reproduksjonsgrad
    - Slaktevekter
    - Klassifisering
    - Lam per søye

# Låg produksjon planter

## Areal

Ikkje vanleg produksjon av ei vekstgruppe?

- AK-tilskotet for vekstgruppa vert avslege

Om det ikkje er drift på einskilde skifte

- Gjeldande skifte vert avslege

## Frukt og bær

- Er frukthagane/bærfelta gamle?
- Er det spesielt lokalklima?
- Er det gjødsla, sprøyta og vatna?

## Grovfôr

- Lenge sidan enga er lagt om?
- Er det samsvar mellom storleiken på arealet og tal på dyr/mengd seld grovfôr?

## Korn

- Statistikk for heile landet finst på SFVT si nettside
- Produserer føretaket fôr til eigne dyr?
- Produserer føretaket eiget såkorn?

# Punktliste for oppfølging

1. Bruk rapportane i eStil PT
    - Forklaring til den einskilde rapport finst på nettsida til Landbruksdirektoratet
2. Sjå på produksjonen over tid
3. Sjekk med føretaket kvifor det er låg produksjon
    - Hugs at det kan vere mange årsaker
    - Spør om sal av produkt utanom det som kjem fram i rapportane (må dokumenterast!)
    - Det kan vere stor skilnad mellom raser/sortar
4. Gjer ei heilskapsvurdering ut frå dokumentasjonen som er innhenta
5. Vurder om det er aktiv drift og god agronomi på areala
6. Vurder om førehandsvarsel er naudsynt
7. Skriv vurderingane i eStil PT i seksjon «Behandling»
8. Dokumenter arbeidet som er gjort (e-postkommunikasjon, dokument som er innhenta, bilete, mv.)

© Fylkesmannen i Vestfold og Telemark

# Dyrevelferd og samarbeid med Mattilsynet (MT)

Brudd på dyrevelferdsregelverket (MT)

- Ei sak i 2021
- Kommunane må óg melda til Mattilsynet ved mistanke om dårleg dyrehald

Mattilsynet sender over ved

a) Forbud mot hald av dyr
b) Avvikling, heilt eller delvis
c) Kronisk dårleg dyrehald
d) Alvorleg vanskjøtsel

- Kommunen må vurdera
  - God agronomisk praksis?
  - Godt dyrehald?
  - Vanleg jordbruksproduksjon?
  - Kvar type dyr skal sjåast for seg
- Ikkje vanleg jordbruksproduksjon?
  - IKKJE avkorting etter §11, men
  - Avslag etter § 2
  - Må grunngjevast i vedtak

# 3. Tema: Kommunane si sakshandsaming – funn i SF sine analysar


© Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Det verste fyrst…

# Svake sider ved kommunane si handsaming

- **Handtering av avvik** mellom verdiar det er søkt om og godkjende verdiar:
  - Når kommunane godkjenner meir enn det er søkt om
    - Då skal opplysningane ha kome frå føretaket innan søknadsfristen. Må dokumenterast! Be føretaket om å endre sjølv i Altinn eller i det minste sende e-post
    - Nokre kommunar fører opp det søkjer har gløymd – gjev ulik behandling og uklårt ansvar
    - Nye kontrollar er lagt inn på søkjer sitt nivå for å hindre forglømmingar
  - Når kommunen godkjenner mindre enn det er søkt om
    - Avviksforklaringane gir ofte for lite informasjon til at søkjer kan forstå

# Det verste fyrst…
# Svake sider ved kommunane si handsaming (2)

- Avkorting
  - Avkorting ved feilopplysingar i under 1/5 av sakene med negative avvik
    - For «snill» praksis?
  - Avkortingsvurderingar når kommunen ikkje avkortar
    - Ofte svært ordknappe
    - Vanskeleg å forstå kvifor kommunen ikkje har avkorta
    - Om det vert brukt fleire ord på vurderinga, vert det lettare for kommunen å kome til riktig konklusjon
  - Avkorting ved feilopplysingar vert «gløymd» når det er avkorta for manglande gjødslingsplan
    - Når det er registrert avkorting etter § 11 andre ledd, får ikkje kommunen påminning om å vurdere avkorting, og ein kan gløyme å avkorte for feilopplysing

# Det verste fyrst…
# Svake sider ved kommunane si handsaming (3)

- Grunngjeving for avkorting
  - Nesten ingen tilfelle i heile landet kor grunngjevinga for avkorting er fullstendig
  - Vurderer ikkje skriftleg om vilkåra for å avkorte er til stades
  - Bruk hjelpetekstane i eStil PT!
  - Om ikkje alle vilkåra og momenta (kjem fram av rundskriv og punkta i hjelpetekstane) er vurdert, kan avkortingsvedtaket vere ugyldig
  - Merk: Det er ulike krav til grunngjevinga for ulike avkortingsheimlar
- Føring av resultat frå kontrollar
  - Mange kommunar gløymer å føre nokre av dei kontrollerte verdiane i eStil PT
- Nokre vedtak manglar grunngjeving
  - Sjå til at grunngjevingane kjem fram på rett plass (under «Behandling») og ikkje berre i fotnotar. Bruk «Forhåndsvisning av vedtaksbrev» (NB! Vel riktig mal)

## Fortent skryt til slutt…

# Sterke sider ved kommunane si handsaming

- Kommunane held fristane, sjølv om saksmengda er stor og handsamingsperioden kort
- Alle kommunane fylde kravet til 10 % kontroll i 2020
- Kontrollane er risikobaserte
- Kommunane avkortar når gjødslingsplan manglar
- Kommunane kjenner produksjonane i eigen kommune godt
- Kommunane har starta oppfølginga av vanleg jordbruksproduksjon på sau og mjølk
    - Neste steg er å ta alle rapportane aktivt i bruk og følgje opp alle produksjonane
- Kommunane er flinke til å melde attende til SF om feil og svake sider ved fagsystemet
    - Det fører til forbetringar og endringar i eStil PT, og direktoratet vil gjerne ha innspel